

Fra: Nils O. Floeystad[flonils@online.no]
Sendt: 01.03.2023 18:14:51
Til: Postmottak SFTL[sftlpost@statsforvalteren.no]
Kopi: jkeikrem@online.no arnfinn.grimstad@gmail.com
janingvaraasen@live.no[flonils@online.no];
Tittel: Innspel til Rovviltplan for region 6.

Rovviltnemnda i region 6
c/o Statsforvalteren i Trøndelag
Postboks 2600
7734 Steinkjer

Høringsinnspel for «Forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge, Møre og Romsdal og Trøndelag» frå Gjemnes og Tingvoll Bonde og Småbrukerlag, Straumsnes og Tingvoll Bondelag, Ytre Tingvoll Beitelag og Tingvoll Sau og Geit.

Bakgrunn:

Tingvoll kommune har siden 2015 hatt ein stor auke i tap av beitedyr, og ligg nå på 25-35% av lam sendt på beite. Det er ingen andre endringar i beiteområda enn etablering av tett bestand av gaupe i kommunen. I forvaltningsplana for gaupe står det at bestanden av gaupe skal vere mest mogleg jevnt fordelt i forvaltningsområdet. Tingvoll kommune er kun 337 km² stor, med fleire dokumenterte ynglingar av gaupe kvart år siste fem år. Jerv opptreir jevnleg i beiteområda og det er stor bestand av havørn og kongeørn i kommunen. Presset frå rovvilt er urimeleg stort på utmarksbeite i Tingvoll og det kreves endring av forvaltninga av rovvilt i region 6. Forvaltninga av rovvilt, spesielt gaupe, har for Tingvoll kommune ikkje vore fungerande.

Vi har desse innspela til endringar i Forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge, Møre og Romsdal og Trøndelag:

1. Rovviltnemndas samansetting.

Møre og Romsdal har kun eit medlem i rovviltnemnda og er under-representert i forhold til dei utfordringar vi har med rovvilt. Møre og Romsdal bør ha minst 2 representantar i rovviltnemnda.

2. Forekomst av rovvilt i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal har fast bestand av fire rovvilt i sin teig, gaupe, jerv, kongeørn og havørn. For ørn er det ikkje gjeve noko retningslinjer for forvaltning, sjølv om det er dokumentert at begge artane tek beitedyr. Ørn lyt derfor inn i forvaltningsplana. For Tingvoll kommune sin del taler det for at Tingvoll vert teke ut av forvaltningsområdet for gaupe da kongeørn og havørn utgjør stor nok belastning på beitedyra i kommunen.

3. Forvaltning av gaupe på Nordmøre.

Nordmøre, og spesielt for Tingvoll kommune, har ein gaupebestand som er svært tett. Det registreres fleire ynglingar kvart år. Årets erfaring, der kvota for hunngauper blei teke ut andre stader i region 6 gjer at i praksis er det ikkje fungerande forvaltning i denne delen av region 6. Eit hovudprinsipp i forvaltningsplana er at ein skal ha ei forvaltning som tek omsyn til både rovvilt og beitedyr, men for Tingvoll og Nordmøre generelt vert ikkje beitedyr teke omsyn til. Vi meiner difor at det bør settes eiga kvote av gaupe i den delen av region 6 som ligg på Nordmøre, ei sjølvstendig kvote som ikkje er knytt til uttak i resten av regionen. Dette for å minske tap av beitedyr ved å redusere bestanden av gaupe.

4. Fri jakt eller anna rovviltregion?

Ut frå geografiske føresetnader bør det for Tingvoll kommune verte gaupefri jakt på gaupe da gaupebestanden her har liten bruk av andre områder i området. Pr i dag er kvotejakt ikkje fungerande for situasjonen, og Tingvoll kommune bør difor takas ut av forvaltningsområdet for gaupe i region 6. Alternativet er at Tingvoll kommune vert overført til anna rovviltzone, primært forvaltningsområde 3.

5. Forvaltning av jerv, bjørn, ulv og ørn.

For Tingvoll er det ikkje sett forvaltningsmål for desse artane og det bør difor vere låg terskel for å gje fellingsløyve om skade på beitedyr oppstår av desse artane.

6. Slipp og sankedato.

Tradisjonelt har slippdato for sau og lam til utmark vore 15-20. mai i Tingvoll kommune, ikkje 1.juni som er sett som generell slippdato for region 6. Dette avdi vi har eit mildare kystnært klima. Normal sankedato er tradisjonelt andre helg i september, slik at 15. september som er sett for normal sankedato for regionen høver godt nok for Tingvoll kommune.

7. Omfattande styrking av kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapsgrunnlaget for rovvilt bør styrkast på fleire område. Bruk av viltkamera og flekkmønster-identifisering må forsetje. Det bør startas kartlegging av rovviltbestandane utanfor forvaltningsområda slik at ein får betre oversikt over totalbestanden av dei ulike rovvilta i region 6/Midt-Noreg.

Straumsnes 28-02-2023.

For Gjemnes og Tingvoll Bonde og Småbrukerlag
Nils Fløystad.
flonils@online.no

For Straumsnes og Tingvoll Bondelag
Jens Kristian Eikrem
jkeikrem@online.no

For Ytre Tingvoll Beitelag
Arnfinn Grimstad
arnfinn.grimstad@gmail.com

For Tingvoll Sau og geit
Jan Ingvar Aasen
janingvaraasen@live.no